

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne viser til kommande kommunestyremøte 18/2-21, sak 6/2021 Områdeplan Stedjevegen sør 16/2029.

<https://www.sogndal.kommune.no/offentlig-mote-kommunestyret-18-02-2021.491907.nn.html?mid=1634.fd7815ebb4>

I saksframlegget, under vurdering av plangrep, legg administrasjonen fram utfordringa med å samle fleire brukargruppe innanfor eit lite område.

Rådet støttar følgande utale i saksutgreiinga side 2 "Planavdelinga vurderer at ei samling av denne typen bustader ikkje naudsynleg vil bidra til mål om deltaking/integrering i lokalsamfunnet, sjølv om det er rasjonelt for kommunen sin drift. Ideelt sett lyt ein søke å spreie kommunale bustader som del av anna busetnad for å få til betre integrering av dei busette".

Plan og forvaltningsutvalget hadde og saka oppe i sitt møte 10/2-21 og hadde følgande framlegg og vedtak.

Sak: 2/21 Tittel: Saksprotokoll - Områdeplan Stedjevegen sør 16/2029

Handsaming: Endringsframlegg: Rita Navarsete (Frp) la fram forslag om at føresegn o-T2 punkt 2, første setning vert endra til: «Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar»

Avrøysting: Framlegget frå Framstegspartiet fekk 9 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak: Plan- og forvaltningsutvalet gjer slik tilråding til kommunestyret: Kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12. områdereguleringsplan for Stedjevegen sør, sist revidert 13.09.2017. Punkt 2 i o-T2 i føresegnene vert endra til: Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar. Største tillate gesimshøgde er 14 moh. Største tillate mønehøgde er 16 moh. Takoppbygg som trapperom, heisoverbygg, mindre tekniske rom etc. kan godkjennast høgare dersom dette vert løyst og dokumentert på ein estetisk god måte.

Rådet støttar opp under å endre ordlyden til «Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar».

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å kome med følgande presisering til tema:

Å tilretteleggja for personar med nedsett funksjonsevne sentralt og nær kvarandre må ikkje resultere i nokon "ghetto". Ordet "integrering" betyr : Å ta del i".

Kor ein bur og korleis ein kjem seg til aktivitetar, offentlege tilbod og arbeid er svært viktig for å kunna delta i lokalsamfunet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har før og no stilt spørsmål om det er rett å samla menneske med rus/psykiatri og anna funksjonsnedsetting saman innanfor eit lite område. Jf negative Røynsler frå m.a.Tromsø. Då problemområda er av veldig forskjellig art. Rådet håpar at med å endre ordlyden, og at Sogndal kommune sjølv set ord på dette, bidreg til at ein ikkje samlar mange personar med ulike utfordringar innanfor eit lite område.

Gamle Sogndal kommune satte ned arbeidsgrupper som jobba med å kartlegge behovet for brukargruppene. Sogndal kommune må sikre at arbeidsgruppene får fortsette arbeidet. Og at det er høg grad av brukarmedvirkning og framdrift i prosessane. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer i sitt neste møte å ha dette som ei eiga sak. Rådet vil også be om ei orientering om arbeide frå arbeidsgruppene og administrasjon.

Helsing råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Tordis Kristine Søvde, leiar og Linda Mathisen.